



Stian Lavik  
Kråkeneset 14  
5918 FREKHAUG

Ikkje offentleg  
§ 26 2. ledd 1. punktum

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/2610 - 16/22169

Saksbehandlar:  
Eirik Bouwer Utne  
eirik.utne@meland.kommune.no

22.11.2016

## Kandidatar til Kulturrosa 2016

Kulturosa vert gitt til ein person som gjer ein serskild innsats for folk i sitt nærmiljø og skal vere eit symbol og teikn på at innsatsen vert lagt merke til og sett pris på.

Det har sidan 1996 vore oppnemnd eit utval samansett av kulturadminstrasjonen og to representantar frå Komité for kultur og oppvekst, no Utval for levekår, som har vurdert framlegg til kandidatar som fortener å få kulturrosa. Kulturrosa kan tildelast fire gonger per år.

I perioden 2015–2019 er valkomiteen sett saman av Ørjan Kristiansen (ULK), Stian Lavik (ULK) og Eirik Utne (konst. kulturleiar).

Kulturrosa vart sist delt ut i 2014, og bør delast ut igjen i 2016. Det er lagt fram frå ordførar at ei utdeling kan finne stad under kommunestyremøtet den 16.12, om det er ønskjeleg. Prisen vert vanlegvis delt ut av leiar for Utval for levekår. Det er høve for å dele ut til fleire mottakarar på ein gong.

Det er kommen inn to nominasjonar:

### **1 – Truls og Bente Corneliusen har nominert Ronald Øyen:**

*Han har gjennom ca 20 år engasjert seg i fysisk fostring (...) tilrettelegging for fysisk aktivitet for «mannen i gata», de som ikke er organisert gjennom et idrettslag eller lignende. Lavterskelttilbud.*

*På 90-tallet fikk han laget volleyballbanen i badevika. Fra da av var han med meg mange ganger og ryddet og tilrettela turstiene i Meland. Han var med f. eks og hugget bort en del stor skog på Storeknappen slik at folk igjen kunne nyte utsikten derfra. Han var med da vi satte opp trappen ved fossen i Mjåtveitvelva. Han har hele tiden vært ute med grafse og greinkutter langs stiene.*

*Han hjelper oss i Kvernbit Orientering med å legge ut og ta inn alle postene hvert år*

*Nå i det siste har han utallige dugnadstimer og vært en primus motor i ferdigstillelsen av Freesbeeaneanlegget i Haltejohansvika.*

*Ja, jeg kunne sikkert nevnt flere ting, men en av hovedpoengene her er at han gjør dette som privatperson og ikke som en representant for noen organisasjon(...)*

**Innspel frå kulturtenesta:**

Øyen har òg vore sentral i kulturtenesta sitt arbeid for tilrettelegging for friluftsliv i Meland, og har vore primus motor for arbeidet i Midtmarka/Håøy, Krossfjellet og langs nedre del av Mjåtvitelva. Her har han bygd kloppar, bruar, trapper, sett opp skilt og tavler og hogd sti av berg og stein. Utan hans innsats hadde det vore utfordrande å komme i gang med tilretteleggingsarbeidet i kommunen.

Han er òg i gang med å byggje frisbeegolfbane nr. 2 og grusa turveiar i Badevika, samt oppgradering av sti mellom Frekhaugmarka og Juvika.

**2 – Meland idrettsråd ved Bjørn Tore Hesjedal har nominert Audun Haaland.**

*På vegne av Meland Idrettsråd, vil jeg gjerne få be om at Audun Håland mangeårig leder av Nordhordland padleklubb vurderes som mottager av Kulturrosen i Meland.*

*Audun har i en årrekke vært en pådriver for at alle skal få tilbud om fysisk aktivitet, store som små, folk med fysiske og psykiske utfordringer. Han har vært en inspirator for andre idrettslag i så henseende.*

*Audun er en ekte ildsjel og kjemper(...)*

**Innspel frå kulturtenesta:**

Audun Haaland er kjend langt utover Melands grenser. Om ein snakkar om *inkluderingsgeneralen* og *inkluderingsarbeid* i krets og fylke, og for den del helsektoren, tenkjer mange fort på Haaland.

Utover inkluderingsarbeidet i klubben, som ofte kan vere ein inngang til fysisk aktivitet for mange, involverer Haaland seg på mange felt og i ulike lag og organisasjonar. Han har vore ein sentral samarbeidspartner for Frivilligsentralen og stiller opp ved svært mange ulike høve.

**Valkomiteén for Kulturrosa peiker ut følgjande som verdig mottakar(ar):**

**Sign komite:**

**Dato/stad:**

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sølvi Norunn Knudsen

Myrtveitvegen 68 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Stian Lavik  
Ørjan Evald Kristiansen

Kråkeneset 14      5918  
Dalemarka 127      5918

FREKHAUG  
FREKHAUG